

JD 1994001

SVEIO KOMMUNE.

NYTT RIKSVEGSAMBAND SVEIO - STORD - BØMLO.

Parsell Dalshovda.

FRAMLEGG TIL REGULERINGSFØRESEGNER.

§ 1.

GENERELT

1.1

Desse føresegnene gjeld for området som er vist med reguleringsgrense på plankart i mål 1:1000, datert 27.04.94, revisjon A-28.09.94, teikning nr. 10-1.

1.2

Planområdet er delt i reguleringsområde med følgjande formål i samsvar med Plan- og bygningsloven:

- **Byggjeområde.**
 - forretning, industri
- **Landbruksområde.**
 - Jordbruk, skogbruk
- **Offentlege trafikkområde.**
 - Køyreveg.
 - Gang- og sykkelveg, fortau.
 - Anna trafikkområde.
- **Spesialområde.**
 - Frisiktsone.
 - Privat veg
 - Anleggsområde

§ 2.

FELLESFØRESEGNER.

2.1

Desse føresegnene gjeld innanfor ramma av Plan- og bygningslova med tilhøyrande vedtekter for Sveio kommune.

2.2

Etter at planen og føresegnene er vedtekne, er det ikkje tillate å inngå privatrettslege avtalar som er i strid med planen og reguleringsføresegnene.

2.3

Kommunen kan, når særskilde grunnar talar for det, godkjenne mindre vesentlege unntak frå planen eller føresegnene.

2.4

Vegens sideterreng (område regulert til "anna trafikkområde") skal gjevast ei landskapsmessig handsaming. Eksisterande vegetasjon og tre skal i størst mogeleg grad bevarast. Parkmessige anlegg og planting, belysning, gjerde, murar, gangveggar, undergangar og tunnelmunningar skal gjevast ein tiltalende utsjånad som harmonerer med omgjevnadene.

2.5

Riggareal kan opparbeidast i anleggstida innanfor regulert trafikkområde. Der riggareal ligg i regulert "anna trafikkområde", skal areala vere opparbeidd i samsvar med reguleringsplanen med føresegner og detaljert landskapsplan før veganlegget opnast.

2.6

I samanheng med at det vert laga byggeplanar for veganlegget, skal det krevjast ein detaljert landskapsplan som skal godkjennast av kommunen. Terrenghandsaminga skal vere ferdig før veganlegget vert opna.

2.7

Det skal utførast støyskjerming og/eller fasadetiltak ut frå ei nærare vurdering av kvar enkelt eigedom i samhøve med Miljøverndepartementet sine rundskriv T-8/79 og T-1/86. Desse skal oppførast av utbyggjer i samband med bygging av dei einskilde parsellar. Tiltaka skal vere gjennomførte innan den nye riksvegen vert opna for trafikk

For eksisterande bolighus i planens influensområde, skal støy frå veganlegget, ikkje overstige 55 til 60 dBA målt utomhus og 35 til 40 dBA målt inne.

Støyreduserande tiltak utover bygging av støyskjermar, skal settjast iverk på grunnlag av målingar straks vegen blir tatt i bruk.

Gjeldande føresegner rettar berre seg mot eksisterande utbygde tomter.

§ 3.**BYGGJEOMRÅDE.****3.1**

Område for blanda formål forretning/industri skal nyttast til forretningar, kontorverksemd, industri og handverk med tilhøyrande lager. Varehus og større detaljvareverksemd vert ikkje tillate.

3.2

Ved søknad om byggjeløyve skal det leggjast ved situasjonsplan i målestokk 1:500 som syner korleis heile tomta skal verte utnytta. Planen skal syne støttemurar, gjerde, areal for parkering, laste- og losseplassar, lagerareal og terrenghandsaming med høgder.

3.3

I anleggstida vert det tillate å deponere større mengder lausmasser frå veganlegget her, samt å drive steinknuseverk. Arealet skal vere planert og sett i stand før veganlegget opnast.

§ 4.**LANDBRUKSOMRÅDE.****4.1**

Område for jordbruk og skogbruk skal gje dei respektive grunneigarar høveleg tilkomst til omliggjande jord- og skogbruksområde. Planen inneber inga plikt for det offentlege til vedlikehald av arealet etter at vegen er bygt. Landbruksundergangar skal byggjast med innvendig breidd x høgd lik 3,0 x 3,5 m. Undergang for sau skal byggjast med innvendig høgd lik 2,0 m.

4.2

I regulert landbruksområde langs med riksvegen ved idrettsbanen kan det anleggjast riggareal i anleggsperioden. Før veganlegget vert opna skal arealet verte sett i stand og ført tilbake til dagens standard. Arealet får då status som jord- og skogbruksområde.

§ 5.**TRAFIKKOMRÅDE.****5.1**

Køyrevegane, gang- og sykkelvegane og fortau skal opparbeidast med den lineføring og inndeling av dei respektive formål som er vist på planen. Undergangar for gang-/sykkelveg skal byggjast med innvendig breidd x høgd lik 3,0 x 3,5 m.

5.2

Avkøyrslene frå vegnettet er fastlagde i planen og skal ha frisktsoner i samsvar med vegnormalane. Frisktsoner er regulerte til spesialområde (sjå § 6).

§ 6.

SPESIALOMRÅDE.

6.1

I område mellom frisiktlinja og vegformål (frisiktsoner) skal det ved kryss og avkøyrslar vere fri sikt over ei høgd på 0,5 meter over vegane sitt planum.

Sveio kommune
Teknisk sjef

Sveio, 27.04.94
rev. 28.09.94